

Oppdragsgiver

Vaksdal kommune

Rapporttype

Fagrapport

Dato

2024-01-18

OMRÅDEPLAN STANGHELLE ROS-ANALYSE

RAMBOLL

**Henning
Larsen** —

OMRÅDEPLAN STANGHELLE ROS-ANALYSE

Oppdragsnavn	Områdeplan Stanghelle
Prosjekt nr.	1350025528
Dokumenttype	Rapport
Versjon	01
Dato	18.01.2024
Utført av	TRBK
Kontrollert av	ABBO
Godkjent av	ANMB
Skildring	Risiko- og sårbarhetsanalyse

INNHALD

1.	Samandrag	2
2.	Innleiing	3
2.1	Bakgrunn for planarbeidet	3
2.2	Dagens situasjon	3
2.3	Tiltaksskildring for områdeplanen	3
3.	Metode	4
3.1	Innleiing	4
3.2	Trinn 1: Beskrive planområdet	4
3.3	Trinn 2: Identifisering av uønskelege hendingar	4
3.4	Trinn 3: Risiko- og sårbarheitsvurdering av uønskelege hendingar	5
3.5	Framstilling av risiko- og sårbarheitsbilete	6
3.6	Trinn 4: Risikoreduserande tiltak	7
4.	Risiko og sårbarheitsvurdering	8
4.1	Identifisering av uønskelege hendingar	8
4.2	Vurdering av aktuelle uønskelege hendingar og risikoforhold	10
4.3	Risiko- og sårbarheitsbilete	50
4.4	Risikoreduserande tiltak	52
5.	Konklusjon	55
6.	Referansar	56

1. Samandrag

Det er gjennomført ein ROS-analyse i samsvar med plan- og bygningslovas § 4-3. I analysen er det teke utgangspunkt i ny rettleiar for DSB om utarbeiding av ROS. Det er vurdert 32 aktuelle risikoforhold og uønskte hendingar, som kan medføra konsekvensar enten for liv og helsa, stabilitet og/eller miljø.

Det er identifisert nokre risikoforhold som blir vurderte som uakseptable, og som må følgjast opp i neste planfase, og dessutan i det kommunale beredskapsarbeidet. I samband med detaljregulering av dei ulike delområda innanfor utviklingsområda på Stanghelle må det utarbeidast egne ROS-analysar som må følgja opp tema i denne analysen.

Kapitel 4 viser alle vurderte farar med tilhøyrande tiltak som bør følgjast opp av Vaksdal kommune.

2. Innleiing

2.1 Bakgrunn for planarbeidet

Planarbeidet for områderegulering av Vaksdal er sett i gang i samheng med regjeringsvedtaket av den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen på strekninga Arna – Stanghelle. Den statlege planen vil ha betydning for utviklinga av tettstaden Stanghelle. Kommunestyret i Vaksdal har derfor, i sak 70/2016, vedteke oppstart av områdeplan for Stanghelle stasjonsby. Formålet med prosjektet er å leggja til rette for at stasjonsbyen Stanghelle kan veksa og utvikla seg vidare til eit fleirfunksjonelt tettstad med bustader, næring, handel, offentleg og privat tenesteyting, blågrøne strukturar, møteplassar, friluftsliv og naturopplevingar.

2.2 Dagens situasjon

Stanghelle er ein tettstad i Vaksdal kommune og har i dag ca. 760 innbyggjarar. Bustadområda fordeler seg i hovudsak på Brekkjen, Træshaugen, Døso, Vågslia, Eikestølen og Åslia. Bustadområda er dominerte av einebustader med større og mindre hagar, og Stanghelle har i lita grad andre bustadtypar. Litt utanfor Stanghelle tettstad ligg Helle, med fleire bustader og jordbruksområde langs fjorden og oppover i lia.

Stanghelle er tett utbygd, men likevel kan det vere langt mellom målepunkta. Dei fleste tenester, bedrifter og funksjonar i bygda ligg spreidd, og avstandane kan opplevast som store på grunn av brua over fjorden som knyter bygda saman. Lokalt blir Stanghelle omtalt som Stanghelle aust og Stanghelle vest. På Stanghelle aust ligg Stanghelle skule med samfunnshall, idrettspark, fotballbane, sandvolleyballbane, skatepark og meir. Jernbanen går i dag langs fjorden på austsida av Stanghelle. Dagens E16 ligg på austsida av Stanghelle og går gjennom eit bustadfelt. Kryssingspunkta er få, og vegen er ein stor barriere i bygda. Vest for E16 ligg Stanghelle barnehage og Coop Marked og aust for E16 ligg Stanghelle skule.

Stanghelle er omgitt av naturområde, og fleire turstiar og område blir nytta til rekreasjon og friluftsliv.

2.3 Tiltaksskildring for områdeplanen

Tiltak for bane og veg er avklart gjennom vedteken reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle. For å få komplett oversikt over tiltak og konsekvensar i planområdet er konsekvensutgreiing for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle tatt med i tabellane for dei ulike delområda.

Områdereguleringa for Stanghelle opnar opp for fortetting av område i nær tilknytning til det nye stasjonsområdet. For store delar av desse områdene blir det stilt krav om detaljregulering før utbygging. Detaljreguleringar er prosjektspesifisert, og derfor vil detaljar som utnytting av areal, byggehøgde, byggegrenser, tilkomst og estetikk måtte bli tematikk i framtidige planer. Områdereguleringa legger opp til utbygging av nokre nye areal, i tillegg til at ein vidarefører enkelte gjeldande planer som ikkje er bygd ut. Som følge av nye krav er det vanskeleg å få realisert dei eldre planane, og det blir føresett ny detaljregulering for nokre av desse områdene og.

3. Metode

3.1 Innleiing

ROS-analysen er utforma med utgangspunkt i Vegleder for samfunnssikkerheit i arealplanlegging (2017) (Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017), er tilpasse andre rettleiar og malar og i tråd med kommunale føringar av ROS-analysar i reguleringsplanar. Analysens omfang er tilpassa planforslagets innhald og kompleksitet, samtidig som den tilfredsstillar krav om risiko- og sårbarheitsanalyse gitt i Plan- og bygningslovens § 4-3.

ROS-analysen baserast på offentleg tilgjengeleg materiale (databasar) og grunnlagsinformasjon.

Det vidare innhaldet i dokumentet utgjer hovuddelen av ROS-analysen og består av følgjande deler:

1. Identifisere moglege uønskelege hendingar
2. Vurdere risiko og sårbarheit
3. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit

ROS-analysen avdekkar kva for nokre områder det er nødvendig med ytterlegare undersøkingar eller avbøtande tiltak slik at forslaget til regulering kan fremmast. Analysen gir grunnlag for eventuelle omsynssoner i plankartet og utforming av reguleringsføresegner.

3.2 Trinn 1: Beskrive planområdet

Skildring av planområdet er første trinn i ROS-analysen. Det vert innhenta informasjon om krav, eigenskapar og forhold som kjenneteiknar planområdet, utbyggingsformålet og omkringliggjande områder.

Skildringa gir grunnlag for å identifisere moglege uønskelege hendingar.

3.3 Trinn 2: Identifisering av uønskelege hendingar

Trinn to i ROS-analysen er å identifisere moglege uønskelege hendingar. Moglege hendingar kan grupperast i naturhendingar og andre uønskelege hendingar. For å identifisere moglege uønskelege hendingar nyttast ein sjekklister.

For å få vurdere aktuelle hendingar, er det henta informasjon i eksisterande databasar, utkast til detaljregulering og fagleg utredningar. Til saman gir det eit tilstrekkeleg utfyllande risikobilde av planområdet.

Dei moglege uønskelege hendingane skal skildrast så konkret som mogleg, derunder omfanget av hendinga og kor i planområdet dei inntreffer.

Dei identifiserte risikoane er angjeva utan risikoreduserande tiltak. Om ein hending i sjekklista er identifisert som ein aktuell fare/uønskte hending vil den bli nærmare analysert. Hendingar som ikkje sjåast som aktuelle utreies ikkje vidare.

3.4 Trinn 3: Risiko- og sårbarheitsvurdering av uønskelege hendingar

Trinn tre i ROS-analysen er å vurdere risiko og sårbarheit av dei uønskelege hendingane. Dei uønskelege hendingane vurderast med omsyn til årsaker, eksisterande barrierar, sannsyn, sårbarheit, konsekvensar og usikkerheit.

Vurdering av sannsyn

Sannsyn brukas som mål for kor truleg det er at ein bestemt hending vil inntreffe i det aktuelle planområdet, innanfor eit tidsrom. Vurderinga er på bakgrunn av skildring av planområdet, kjente førekomstar av tilsvarende hendingar, eksisterande barrierar eller forventande hendingar i framtida. Vurderinga gis ein forklaring.

Kategori	Tidsintervall	Flaum og stormflo	Skred
Høy	Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år	1 gang i løpet av 20 år	1 gang i løpet av 100 år
Middels	1 gang i løpet av 10-50 år	1 gang i løpet av 200 år	1 gang i løpet av 1000 år
Lav	Sjeldnare enn 1 gang i løpet av 50 år	1 gang i løpet av 1000 år	1 gang i løpet av 5000 år

Sårbarheitsvurdering

Sårbarheitsvurderinga tar for seg evne til motstand og gjenoppretting ved utbyggingsformålet, eventuelle eksisterande barrierar og følgehendingsar av uønskelege hendingar.

Vurdering av konsekvens

Konsekvens er den verkinga ein uønska hending kan få for planområdet og utbyggingsformålet. Konsekvenstypane som vert brukt tar utgangspunkt i viktige verdiar for samfunnsikkerheit;

Liv og helse vurderast ut frå antal omkomne, skadde eller andre som er påført helsemessige belastningar på grunn av den uønskte hendinga.

Stabilitet vurderast ut frå konsekvensar for befolkninga som blir påverka av hendinga gjennom svikt i kritisk samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglande tilgang på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, framkomelegheit etc.

Materielle verdiar vurderast ut frå direkte kostnader som følge av den uønskelege hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigedom.

Sidan det er store forskjellar mellom planområde og utbyggingsformål er det ikkje satt grenseverdiar for dei ulike kategoriane av konsekvensar. **Konsekvenskategoriane må vert tilpassa kommunen og planområdet.** Eksempel på konsekvenskategoriar er gitt nedanfor.

Konsekvenskategori	Skildring
Store	<i>Liv og helse:</i> Dødeleg skade, ein til fleire persona <i>Stabilitet:</i> Varige skader på eller tap av stabilitet <i>Materielle verdiar:</i> Økonomiske tap >10 mill. kroner
Middels	<i>Liv og helse:</i> Alvorleg personskade <i>Stabilitet:</i> Skade på eller tap av stabilitet <i>Materielle verdiar:</i> Økonomiske tap 1-10 mill. kroner
Små	<i>Liv og helse:</i> Mindre eller ingen personskadar <i>Stabilitet:</i> Ubetydeleg eller ingen skade på eller tap av stabilitet <i>Materielle verdiar:</i> Økonomiske tap <1 mill. kroner

3.5 Framstilling av risiko- og sårbarheitsbilete

Risiko- og sårbarheitsbiletet, som funksjon av sannsyn og konsekvens, kan sammen stillast i ein risikomatrise. Her er det brukt forenklaede konsekvens- og sannsynskategorier etter DSBs vegleder frå 2017.

		KONSEKVENNS			Forklaring
		Små	Middels	Store	
SANNSYN	Høy				
	Middels				
	Lav				

Risikoforhold som faller inn under grøn risikoklasse regnast som akseptable, mens risikoområder i rødt kategori i utgangspunktet inneber ein uakseptabel risiko der det må gjennomførast tiltak. For risikoområder i gul kategori må det vurderast moglege tiltak for å redusere risiko til akseptabelt nivå.

- Rødt: Uakseptabelt – tiltak nødvendig, Tiltak vurderast, utreies nærmare.
- Gul: Tiltak vurderast ut ifrå kostnad/nytte. Kommenterast og tiltak vurderast, evt. utreies nærmare.
- Grøn: Akseptabelt. Kommenterast, tiltaksvurdering ikkje nødvendig.

I kapittel 3.2 er fargekodinga i matrisa brukt for å illustrere risikonivået for dei identifiserte risikoforholda.

3.6 Trinn 4: Risikoreduserande tiltak

Trinn fire i ROS-analysen er å identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette gjerast på bakgrunn av risiko- og sårbarheitvurderinga. Aktuelle tiltak kan være nye tiltak eller forbetringar av eksisterande barrierar. For å sørge for at tiltak blir følgt opp i planforslaget vil det være hensiktsmessig å kople aktuelle tiltak til verktøy i PBL (omsynssoner, føresegner og arealformål).

4. Risiko og sårbarheitvurdering

4.1 Identifisering av uønskelege hendingar

For å identifisere uønskelege hendingar er det nytta ein sjekklister. Tabellen nedanfor angir dei uønskelege hendingane/risikoar ved planområdet.

ID	Forhold	Til stede
1	Ras i tunnel	Ja
2	Lausmasseras/kvikkleire	Ja
2	Steinras/ steinsprang – svært bratt område	Ja
2	Snøskred/ isras	Ja
3	Flaum frå vassdrag	Ja
3	Flaum frå nedbørshendingar (overvann) – Svikt i avløpshandtering/ overvasshandtering)	Ja
4	Bereevne og setningsforhold	Ja
5	Radongass	Ja
6	Skade ved forventade vasstandsheving	Ja
7	Spesielt vindutsett, ekstrem vind	Ja
8	Spesielt nedbørutsett, ekstrem nedbør	Ja
9	Forureina grunn	Ja
10	Akuttutslepp til sjø/ vassdrag	Ja
10	Akuttutslepp til grunn	Ja
10	Avrenning frå fyllplassar etc.	Nei
11	Ulykker frå industri med storulykkepotensiale – utslepp av farlege stoffar	Ja
11	Brann/eksplosjon i industriverksemd, tankanlegg, fyrverkeri eller eksplosivlager	Ja
12	Støv og støy frå industri	Ja
13	Støy frå trafikk	Ja
14	Luftforureining	Ja
15	Stråling frå høgspent	Ja
15	Andre kjelder for uønskte stråling	Ja
16	Ulykke med farleg gods	Ja
17	Trafikkulykker, påkøyrse av myke trafikantar	Ja
17	Trafikkulykker, møteulykker	Ja
17	Trafikkulykker, utforkøyring	Ja
17	Trafikkulykker, andre	Ja
18	Anleggsperiode: trafikkulykke, anleggs-trafikk og framkomelegheit for nødetatar	Ja
19	Trafikkulykke i tunnel	Ja

ID	Forhold	Til stede
20	Verksemdsrisiko	Ja
21	Svikt i nød- og redningstenesta	Ja
22	Naturrisiko	Ja
23	Ulykke under lek/ fritid	Ja
24	Drukningssulykke	Ja
24	Havn, kaianlegg	Ja
25	Tilfluktsrom	Ja
26	Distribusjon av forureina drikkevatt, bortfall av VA, energiforsyning, telekom og IKT	Ja
27	Brann i transportmiddel (veg, bane, luft og sjø)	Ja
28	Brann i bygningar og anlegg (, sjukeheim, skole, barnehage, idretts-haller/tribuneanlegg, , store arbeidsplassar, verneverdig/freda kulturminne)	Ja
29	Påverking landskapsbilde ved ny E16 og toglinje	Ja
30	Påverking av friluftsliv, tilgjengelege torg og møteplassar	Ja
31	Påverking på planområdet av naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare	Ja
32	Kulturminne	Ja

4.2 Vurdering av aktuelle uønskelege hendingar og risikoforhold


4.2.1 Ras i tunnel

Skildring av uønskte hending:

Steinsprang ved tunnelmunning og ras inne i tunnel.

Årsak(er):

Planområdet har utløsningsområde for steinsprang ved begge inngangar til tunnel ifølge NVE Aktsemdskart for steinsprang.



Figur: NVE Aktsemdskart for Steinsprang.

Sårbarheitsvurdering:

Når ny E16 vert etablert vil sannsynvis fleire tunnelar i planområdet gjerast om til ein del av det fylkeskommunale vegnettet. Planområdet har svært varierende grunnforhold med alt frå skredfare til ulike avsetningar frå elver og morene, dette vil følgeleg gi ulik sannsyn i dei ulike områdene. Det er utarbeida skredrapport for ny E16, men det er ikkje gjort grunnundersøkingar spesifikt for ny områdeplan. Det har vært steinsprang ved enkelte tunnelar i planområdet. Skredfarenotat legger føringar for planen og oppfølging av skredfareområder avsett med omsynssoner i plankartet.

Vurdering av sannsyn: Planområdet har utløysingsområder for steinsprang, sannsyn i tilknytning til tunnel sett til høy. Dette på bakgrunn av at ein veit at det har vært ulike typar ras og steinsprang i området.

Vurdering av konsekvensar: Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at grunnforholda og stigningsforholda er svært varierende. Konsekvensen vert satt til middels, på bakgrunn av at det er avgrensa område rundt tunnelar.

Usikkerheit: Stor.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
1	<i>Ras i tunnel</i>	Høy	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	


4.2.2 Lausmasseras/kvikkleire, steinras og snøskred

Skildring av uønskte hending:

Ras, utgliding, synkegrep eller andre hendingar knytet til lausmassar.

Årsak(er):

Planområdet består ifølge kvikkleirekart av areal under marin grense, som aukar faren for kvikkleireskred.



Figur: Kvikkleirekart - NVE.

Sårbarheitsvurdering:

Store deler av planområdet ligger under marin grense. Dette aukar faren for kvikkelireskred.

Vurdering av sannsyn:

Planområdet har areal under marin grense, sannsyn vert sett til stor.

Vurdering av konsekvensar:

Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av ulik helling, der areal er over eller under marin grense og kvikkleireområder. Konsekvensen vert sett til stor.

Usikkerheit:

Stor.

Det er foreløpig ikkje gjort grunnundersøkingar for heile planområdet. For nye større tiltak må dette gjennomførast, derunder også i detaljregulering av større delområde. Dette

for å avdekke kva for nokre områder som er mest rammet av sannsyn for ulike typar skred, ras og synkegropar.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
2	<i>Ras, kvikkleire, synkegrop</i>	Høy	Liv og helse	Stor	
			Stabilitet	Stor	
			Materielle verdier	Stor	


4.2.3 Flaum frå vassdrag og nedbørhendingar

Skildring av uønskte hending:

Flaum frå elv eller store mengder nedbør.

Årsak(er):

Flaum aktsemd elv, flaum aktsemdsområde.



Figur: NVE

Sårbarheitsvurdering:

Det finnes flaum aktsemdsområder innanfor planområdet.

Vurdering av sannsyn:

Sannsyn vert sett til middels, da det er elver/bekker i området samt at ein ikkje veit om det er gjort tiltak for å handtere overvann i området.
Størst flaumfare er utanfor sjølve planområdet.

Vurdering av konsekvensar:

Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at nærheit til elver og ulik handtering av overvann.
Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit:

Middels.
Overvasshandteringa vil være ulik på ulike stader innanfor planområdet.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
3		Middels	Liv og helse	Middels	

	<i>Flaum frå vassdrag og nedbørhending</i>		Stabilitet	Middels	
			Materielle verdier	Middels	


4.2.4 Bereevne og setningsforhold

Skildring av uønskete hending:

Setningsskader på eksisterande eller nye bygg og anlegg.

Årsak(er):

Ifølge NGU sitt lausmassekart er bereevne og setningsforhold svært varierende i området.



Figur: Lausmassekart.

Sårbarhetsvurdering:

Det er ikkje utført grunnundersøkingar i området, nokke som gjer store deler av området svært usikkert.

Vurdering av sannsyn:

Sannsyn vert sett til middels, da ein veit at enkelte områder kan ha utfordringar med bereevne.

Vurdering av konsekvensar:

Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at grunnforholda er svært ulik. Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit:

Stor.

Det vert anbefalt at det utførast grunnundersøkingar i området.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskede hendning	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
4	<i>Bereevne og setningsskader</i>	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdier	Middels	

4.2.5 Radongass

Skildring av uønskete hending:	Påverking av radongass på menneske.
Årsak(er):	Det er ikkje utført radongassmålingar på Stanghelle. Det er derfor usikkert om det er moglegheit for påverking av radongass på menneske i planområdet.
Sårbarheitsvurdering:	I vidare planlegging og i forkant av eventuell bygging i planområdet, er det viktig at det prosjekterast og bygges med radonsikring. I områder der det er usikkert radonnivå, bør forholdet vert undersøkt og prosjektering må følge gjeldande regelverk.
Vurdering av sannsyn:	Sannsyn vert sett til lav, da NGU sitt radonkart viser områder med moderat til lave radonnivå.
Vurdering av konsekvensar:	Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at radongassnivåa kan være ulike. Konsekvensen vert sett til middels, på bakgrunn av at nye bygg og anlegg må følge dagens byggeregler som setter krav til radonsikring. Eksisterande bygningsmassar vil kunne gi påverking av radongass på menneske, dersom desse bygga ikkje er sikra mot radongass.
Usikkerheit:	Middels. Det er avdekke at planområdet har moderat til lavt radongassnivå. Eksisterande bygningsmasse vil kunne påverke menneske med radongass dersom dei ikkje er sikra mot dette. Usikkerheit er derfor satt til middels.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
5	Radongass	Lav	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdier	Middels	

4.2.6 Vasstandsheving

- Skildring av uønskete hending:** Skade på bygg og anlegg ved forventast vasstandsheving.
- Årsak(er):** Ifølge Kartverket vil nivået på vasstand vert heva med 63 cm i 2090 frå 2022 i Vaksdal kommune.
- Sårbarheitsvurdering:** Ifølge Kartverket vil 264 bygningar, 0,6 km veg og 0,27 km² areal bli oversvømt ved middels høgvatn i 2090.
- Vurdering av sannsyn:** Sannsyn vert sett til middels, da kartet ikkje viser store endringar for sjølve planområdet.
- Vurdering av konsekvensar:** Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at vasstanden vil kunne variere i området samt at det er ulik eksisterande busetnad i området. Konsekvensen vert sett til middels.
- Usikkerheit:** Middels.
Det vert anbefalt at kommunen får utført hydrologisk vurdering av planområdet dersom det blir aktuelt med ny busetnad i nærheit av sjø.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
6	Vasstandsheving	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	

4.2.7 Spesielt vindutsett, ekstrem vind

Skildring av uønskete hending: Skade på menneske, bygningar og miljø ved ekstremvind.

Årsak(er): Vind med høy hastigheit over tid, vindkast eller andre vindfenomen.

Sårbarheitsvurdering: Det er ikkje utført vindundersøkingar eller vindmålingar for planområdet.

Vurdering av sannsyn: Sannsyn vert sett til middels.

Vurdering av konsekvensar: Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at vindpåverking vil være ulik i planområdet. Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit: Middels.
Det vert anbefalt at det uføres vindundersøkingar ved spesifikk planer for utbygging.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
7	Ekstrem vind	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	

4.2.8 Spesielt nedbørutsett, ekstrem nedbør

Skildring av uønskete hending: Skade på menneske, bygningar og miljø ved ekstrem nedbør.

Årsak(er): Mye regn over lang tid eller styrtregn.

Sårbarheitsvurdering: Målestasjonar i nærheita av Stanghelle og Vaksdal kommune manglar statistikk for nedbør. Men NRK har lagt frem data frå Norsk klimaservicesenter som viser at Vaksdal kommune har 4351 mm nedbør pr år, og er dermed blant Norges våtaste steder.

Vurdering av sannsyn: Sannsyn vert sett til middels.

Vurdering av konsekvensar: Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet på bakgrunn av at påverking av regn vil være ulik i planområdet. Der det er områder utsette for ras vil det kunne medføre at lausmasser løysa ved ekstremregn. Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit: Middels.
Ekstremregn bør sjås i samanheng med geotekniske undersøkingar for rassikring av planområdet.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
8	Ekstrem regn	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	

4.2.9 Forureina grunn

Skildring av uønskte hending:	Skade på menneske som følge av avgassar frå forureina grunn.
Årsak(er):	Urene masser i grunn, eksempelvis frå gardsdrift.
Sårbarheitsvurdering:	Det er ikkje utført grunnundersøkingar i planområdet.
Vurdering av sannsyn:	Sannsyn vert sett til middels.
Vurdering av konsekvensar:	Konsekvensen vil kunne være ulik i planområdet. Konsekvensen vert sett til middels.
Usikkerheit:	Stor. Det er ikkje utført grunnundersøkingar i planområdet. Der det skal gravast i planområdet, må det undersøkast om det er krav til miljøkartlegging av grunnen.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
9	Forureina grunn	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	

4.2.10 Akuttutslepp til sjø, vassdrag, grunn og vann

Skildring av uønskte hending:	Skade på natur og levende organismar på grunn av utslepp frå ein verksemd.
Årsak(er):	Eksplasjon, lekkasje eller andre ulykker som medfører utslepp av farleg avfall.
Sårbarheitsvurdering:	Det er svært lite industri innanfor planområdet som gir mindre utslepp til sjø, vassdrag, grunn og vann.
Vurdering av sannsyn:	Sannsyn vert sett til lav.
Vurdering av konsekvensar:	Konsekvensen vert sett til middels.
Usikkerheit:	Middels. Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse konkluderer med følgande: <i>Ingen av verksemdene har noko stort potensiale for alvorleg skade ved brann, eksplosjon eller utslepp av farleg gods til sjø, vassdrag, jord eller luft. Det er ingen lager med eksplosjonsfarleg vare i kommunen.</i>

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
10	Akutt utslepp til grunn, vann, sjø og vassdrag.	Lav	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Små	
			Materielle verdiar	Små	

4.2.11 Ulykker frå industri med storulykke-potensiale – utslepp av farlege stoffar – brann - eksplosjon

Skildring av uønskte hending: Skade på menneske, bygningar og miljø.

Årsak(er): Eksplosjon, lekkasje eller andre ulykker som medfører utslepp av farleg avfall.

Sårbarheitsvurdering: Det er svært lite industri innanfor planområdet som gir mindre ulykker frå industri.

Vurdering av sannsyn: Sannsyn vert sett til lav.

Vurdering av konsekvensar: Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit: Middels.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
11	Storulykke	Lav	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Små	

4.2.12 Støv og støy frå industri

Skildring av uønskete hending: Skade eller ubehag for menneske.

Årsak(er): Støv og støy frå industri.

Sårbarheitsvurdering: Det er svært lite industri i planområdet som vil kunne gi lite støv og støy frå industri.

Vurdering av sannsyn: Sannsyn vert sett til middels.

Vurdering av konsekvensar: Konsekvensen vert sett til små.

Usikkerheit: Middels.
Det er svært lite industri i planområdet som kan gi støv og støy til planområdet. Ved etablering av ny busetnad bør det utførast støyvurderingar.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
12	Støv og støy frå industri	Middels	Liv og helse	Små	
			Stabilitet	Små	
			Materielle verdiar	Små	


4.2.13 Støy frå trafikk

Skildring av uønskte hending:

Skade eller ubehag for menneske.

Årsak(er):

Støy frå trafikk. Støysoner utarbeida i statleg reguleringsplan viser at deler av planområdet ligger i rød sone, mens deler av planområdet ligger i gul sone og store deler av planområdet er utanfor støysoner. Etter etableringa av ny Europaveg og togbanetrasé vil støybildet endre seg.



Figur: Statens vegvesen

Sårbarheitsvurdering: Det er i dag ein eksisterande Europaveg som deler opp planområdet.

Vurdering av sannsyn: Sannsyn vert sett til middels.

Vurdering av konsekvensar: Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit:

Middels.

Det er planlagt ny Europaveg og nye trase for togbanen igjennom planområdet, dette vil endre støybildet for planområdet drastisk. Ein kan også anta at det vert gjort tiltak for å hindre støy frå ny E16 til planområdet. Ved etablering av ny busetnad vil det være krav til støyvurdering med eventuelle tiltak.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
13	Støy frå trafikk	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	

4.2.14 Luftforureining**Skildring av uønskte hending:**

Skade eller ubehag for menneske.

Årsak(er):

Utslepp frå bedrift eller støv og avgassar frå trafikk og veg.

Sårbarheitsvurdering:

Det er i dag ein eksisterande Europaveg som deler opp planområdet som ved høy trafikkmengda vil kunne gi nokke luftforureining.

Vurdering av sannsyn:

Sannsyn vert sett til middels.

Vurdering av konsekvensar:

Det vil være ulik konsekvens innanfor planområdet. Med størst konsekvens for busetnad nær veg. Konsekvensen vert sett til små.

Usikkerheit:

Middels.

Det skal vert etablert ny E16 i planområdet som vil kunne gi nokke økt luftforureining dersom den gir økt trafikkmengd.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
14	Luftforureining	Middels	Liv og helse	Små	
			Stabilitet	Små	
			Materielle verdiar	Små	


4.2.15 Stråling frå høgspen

Skildring av uønskte hending:

Skade eller ubehag for menneske.

Årsak(er):

Kraftleidningar og/eller transformatorar som avgjer stråling.



Figur: NVE – Kraftleidning

Sårbarheitsvurdering:

NVE sitt kart over elkraftdistribusjon viser distribusjonsnett med høgspenett på Stanghelle.

Vurdering av sannsyn:

Sannsyn vert sett til middels.

Vurdering av konsekvensar:

Konsekvensen vert sett til middels.

Usikkerheit:

Middels.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskte hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
15	Stråling frå høyspent	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	

			Materielle verdier	Middels	
--	--	--	--------------------	---------	--

4.2.16 Ulykke med farleg gods

Skildring av uønskete hending:	Utslepp som påverkar menneske og miljø.
Årsak(er):	Kollisjon med godstrafikk på veg, tog eller sjø.
Sårbarheitsvurdering:	Både eksisterande og ny E16, og togbane føres gjennom planområdet, her er det være trafikk med farleg gods.
Vurdering av sannsyn:	Sannsyn vert sett til middels.
Vurdering av konsekvensar:	Konsekvensen vert sett til middels.
Usikkerheit:	Middels. Det kan være økt trafikk og mengde med farleg gods til industribedrifta utanfor planområdet som gjer at både sannsyn og konsekvens vil kunne auke.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
16	Ulykke med farleg gods	Middels	Liv og helse	Middels	
			Stabilitet	Middels	
			Materielle verdiar	Middels	

4.2.17 Trafikkulykke

Skildring av uønskete hending:

Påkøyrse av myke trafikantar, møteulykker, utforkøyning.

Årsak(er):

Glatt vegbane, uoversiktleg vegbane, smal veg, svingete veg, tungtransport, dårleg tilbod til myke trafikantar og uoversiktlege kryss.

Sårbarheitsvurdering:

Eksisterande E16 og eksisterande toglinje gir nokke uoversiktlege kryssingspunkt, dette vil forbehold med ny veg og toglinje. Eksisterande fylkesveg, kommunale veger og private veger er smale og tilretteleggje ikkje for myke trafikantar. Det er også fleire strekningar som ikkje tilretteleggjar for tilstrekkeleg bredde til at tyngre køyretøy kan passera mindre køyretøy.

Vurdering av sannsyn:

Sannsyn vert sett til middels på bakgrunn av at det har vært nokken registrerte trafikkulykker i planområdet.

Vurdering av konsekvensar:

Konsekvensen vert sett til stor for liv og helse, små på stabilitet og materielle verdiar.

Usikkerheit:

Middels.

Det er registrert fleire ulykker innanfor planområdet på vegkart.no.

Risikoanalyse:

ID nr.	Uønskete hending	Sannsyn	Konsekvenskategori	Konsekvens	Risikonivå
17	Trafikkulykke	Middels	Liv og helse	Stor	
			Stabilitet	Små	
			Materielle verdiar	Små	

4.2.18 Anleggsperiode

